

17.juni 2012.

Godtemplarhammaren – no som bautastein i Godvikja.

Bortimot 100 personar var samla under seremonien med avduking av Godtemplar-bautaen i Godvikja i Boggestranda søndag 17. juni. Dette på dagen 112 år etter at IOGT Eresfjord og DNT Boggestranda hadde stort felles møte på samme stad.

Det er eit samarbeid mellom Statens Vegvesen, avholdsrørsla og Nettet kommune som har ført til ar symbola som vart meisla inn i fjellet for 112 års sia, no er reist som ein flott bauta. Ordførar Rolf Jonas Hurlen var den som fekk æra av å avduke bautasteinen.

Bjørn Austigard har vore primus motor og blant initiativtakarane. Naturleg nok var også han den som leia seremonien med avdukinga av bautasteinen i Godvikja. Og som tok oss gjennom historia og bakgrunnen for dette.

Kort fortalt. Vegen mellom Eresfjord og Bugge var ferdig i år 1900. Samme året hadde avholdsrørsla med IOGT frå Eresfjord og DNT frå Bugge felles stemne den 17. juni 1900. For å minnest dette stevnet hogde Iver S Bugge inn symbola og dato med årstal i ein berghammar rett attmed vegen på Rotneset, ikkje langt unna Godvikja. Under utviding av samme veg i 1959 vart innhogginga sprengt vekk. Men Ragnvald Nettet hadde på førehand teikna det opp på papir og sørja derfor for å meisle inn eit nytt minnesmerkje. Det er dette som no er flytta og tatt vare på i form av ein flott bautastein.

For minnesmerkjet stod på nytt i fare for å forsvinne da vegvesenet trengte steinmasser for å reparere vegen etter orkanen Dagmar sine herjingar i jula 2011.

Men takka vere iherdig innsats frå ulike partar vart Godtemplarhammaren berga.

Og i dag står dette som ein fin bautastein på sokkel på rasteplassen ved Godvikja i Boggestranda mellom Eidsvåg og Eresfjord.

Både Per Brandli frå Statens Vegvesen, Eivind Hasle frå IOGT og Jostein Ukkelberg frå DNT var tilstades og fortalde kort om vegutbedringa og om avholdsrørsla.

IOGT og DNT frå Molde hadde blant anna funne fram eit par av sine gamle og flotte faner.